



70
70
70
70
70

av
Maria
Tryti
Vennerød



FRANK

av Maria Tryti Vennerød

Frank
Nicolai Cleve Broch

Ute
Charlotte Frogner

Frid
Ingrid Bolsø Berdal

Mor
Marianne Krogh

Svein Roger
Hallvard Holmen

Folkehavet
Marianne Krogh
Ingrid Bolsø Berdal
Hallvard Holmen
Charlotte Frogner
Anne-Lise Tora Berit Nilsen
Hanna Marie Knudsen
Stine Fevik
Håkon Mathias Vassvik
Erlend Samnøen



Regi Kjersti Haugen
Scenografi Bård Lie Thorbjørnsen
Kostyme Ane Aasheim
Lysdesign Ingrid Tønder
Maskedesign Stig Wedvik
Lyddesign Igor Zamarajev
Dramaturg Irina Malatjevskaia

Musikalsk ansvarleg Gaute Tønder

Inspisient
Victoria Aase
Lysmeistrar
Ole Randers/Christian Mathisen
Rekvizitor

Tone Bernhoft Osa
Sufflør
Iselin Ivarson
Scenekoordinatorar
Andreas Zsidek/Herve Huck
Kostymekoordinator
Kirsten Høidahl
Koreografisk assistanse
Erlend Samnøen

Foto Espen TollefSEN
Bilda er tatt i prøveperioden

Urpremiere på Prøvesalen 7. april 2004

Programredaksjon Kjersti Haugen, Kari Hauge, Ida Michaelsen
Grafisk formgjeving Knut-Jarle Hvitmyhr
Trykk A.s Merkur-Trykk





...loner 3.7 million

Fridom på det VENNERØDSKE TERRITORIET

Maria har på sine 27 år nådd å vinne ei prestisjetung skandinavisk dramatevling, bli presentert med tre einaktarar på dei to siste dramatikkfestivalane, få Ibsenprisen 2005 og no få framført sitt første heilaftans stykke. Vi er stolte over urpremieren på prisvinnarstykket *Frank* her på Det Norske Teatret.

I idrettsverda ville ho blitt hylla som vinnartype med stjernestatus og føtfølgt av journalistar natt og dag. Ein ung dramatikar må ta til takke med meir noktern interesse. Men prestasjonen står der like fullt, på kort tid har hennar originale dramatikar-

røyst vunne gjenklang i ei teaterverd som ikkje akkurat er lett på tråden.

Eg møtte henne første gong sommaren 2002. DNT produserte einaktaren *Meir* på Norsk Dramatikkfestival. Eg vart straks fascinert av den svarte humoren og av hennar uvørne leik med dramaturgiske ordensreglar.

Korleis skal ein arbeide vidare med ein dramatikar som alt i sitt første arbeid syner ein slik suveren, personleg skrivemåte? Korleis kan ein hjelpe til utan å øydeleggje det beste – hennar ufriserte, groteske sceniske univers.

Eg bekymra meg utan grunn, 23-åringen visste svært godt kva ho ville, og hadde ei intuitiv forståing for sceniske verke-middel. Ho takkar «audmjukt» for gode råd, men brukar berre det som gagnar hennar eigen sterke vilje.

Ho insisterer på at regissørar og skodespelarar skal ha avgjande innverknad på det endelige resultatet. Dette er ikkje noko nytt, men det er uvanleg at ein ung sjølvmedvitne dramatikar legg slik vekt på det, vi har med ein person å gjere som tenkjer teater. Ho opnar raust for ulike tolkingar, gir stor fridom, men

GRUNNGJEVING FRÅ JURYEN

markerer likevel klart det vennerødske territoriet. Går ein utanom, går ein seg lett vill.

Kjersti Haugen gjer sitt diplomarbeid som regissør med *Frank*, eit modig val. Men med to vel-lukka oppsetjingar av Marias einaktalar *Dama i luka* og *Ta meg på vengene*, har ho bevist at ho meistrar og likar utfordringane som ligg i Marias sceniske landskap.

Maria Tryti Vennerøds forfatterskap er enno berre dei tre korte stykka og *Frank*, men ho har mykje på hjartet og er god til å finne ei høveleg form til å vri og vende på tilvande førestillingar om kjærleik, svik, fridom og ansvar. Ikkje noko mindre. Ho blandar tragedie og komedie, høgt og lågt, lyriske parti får følgje av buffo, originale tankar blir sette opp mot popklisjéar, alt i ei salig blanding. Ho har eit suggererande språk, korthogd og rytmisk.

Hennar idol er Shakespeare og ho lærer av Fosse og Pinter.

Frank vart skrive til ei dramatevling som hadde hundreårsmarkeringa for 1905 som tematisk ramme. Ho vann i konkurransen med 56 kollegaer frå heile den gamle unionen. Vinnarstykket er ikkje noka hylling av nasjonal frigjering, heller utfordrande spørsmål om kva ein har brukt fridomen til. Og det gjer ho med eit vennerødsk grin.

Cecilia Ölveczky

Ein ung mann er sperra inne i eit fengsel fullt av opne dører i alle retningar. Hovudpersonen ønskjer seg eit livsprosjekt, og drøymer om konsistens og samanheng, men går seg vill i sitt eige vesle verdsteater. Stykket er ein leikande fabel om fridomens uutgrunnelege vesen. Teksten er teatralt formsikker, med klare referansar til både ekspresjonistisk, surrealistisk og absurdistisk skrivekunst. Men stykket har også ei klar, personleg røyst fylt av originalitet, særpreg og leiting etter mening.

Prisen går til
Maria Tryti
Vennerød

Oslo,
4. desember
2003.

Per Olov
Enquist,
juryfor-
mann





TIDE TIME

05-19724

Diplomoppgåva til KJERSTI HAUGEN

Kjersti Haugen gjennomfører med oppsetjinga *Frank* diplomoppgåva som avsluttar det fireårige studiet ved sceneinstruktørlinja på Statens teaterhøgskole. Kjersti Haugen går i det tredje kullet på instruktørutdanninga. Utdanninga nyt godt av at dei statsstøtta teatra tilbyr studentane våre eit tvers igjennom profesjonelt opplegg for dei første profesjonelle oppgåvane deira. For Teaterhøgskolen betyr denne velviljen frå teatra at vi endeleg kan tilby registudentane eit fjerde år som vi har arbeidd for lenge.

Med dette fjerde året tar Teaterhøgskolen sitt første steg mot ein mastergrad i regi som vil bli eit femårig studium. Går alt som vi planlegg, vil neste kull som byrjar til hausten kunne ta ein slik femårig master. For teatra vonar vi dette inneber at dei lærer nye instruktørar å kjenne, instruktørar som dei kan presentere for sitt publikum. Gjennom fagleg oppfølging i eit opplegg som er avtalt mellom teatra og skolen,

blir diplomoppgåva på mange måtar ei bru frå student til yrkesutøvar. Diplomoppgåva er siste fasen i eit lengre samarbeid med vertsteatra, som gjennom alle fire åra også fungerer som såkalla «fadderteater». Instruktørstudentane har gjennom ulike faglege opplegg kontakt med teatra i løpet av dei fire åra på skolen. Dette er ei ordning vi håpar kan utviklast vidare og kan vere til gjensidig nytte.

Utdanninga av sceneinstruktørar i Noreg er ei ung utdanning. Første kullet blei tatt inn i 1979, og ettersom det berre blir uteksaminert tre-fire instruktørar kvart tredje år, vil det seie at med kullet i år har 26 instruktørar gått ut frå Teaterhøgskolen. Dei fleste av desse har funne sin plass i det norske teaterlandskapet, og dei sikrar eit jamt tilsig av friskt blod til scenekunsten.

Kjersti har vore innom mykje før ho starta på Teaterhøgskolen og no fullfører diplomoppgåva si. Ho er utdanna


naturforvaltar frå Landbrukshøgskolen på Ås, har studert teater ved Lecoq-akademiet i Paris og NTNU og har vore dramalærar på Hallingdal og Romerike folkehøgskolar. På Teaterhøgskolen har ho hatt Irina Malatjevskaia som hovudlærar og rettleiar i arbeidet. Ho burde derfor vere godt skodd for kveldens oppgåve, og vi håpar dette berre er det første i ei lang rad lykkelege møte mellom henne og publikum.

Vi takkar Det Norske Teatret for godt samarbeid, og ønskjer Kjersti lykke til, både med *Frank* og med komande oppsetjingar.

Kunsthøgskolen i Oslo
Statens teaterhøgskole

Harry Guttormsen
dekan

Hans Henriksen
linjeleiar





det norske teatret

www.detnorskteatret.no



Depotbiblioteket



05sd 19 724